



Austevoll kommune

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Torgbakken 9
5411 Stord

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
Sarah Fagertun Eggereide	2023/3052-2	Kristin Thorbjørnsen	08.12.2023

Gnr. 2 bnr. 6 Drivenes, Store. Referat frå oppstartsmøte 06.11.2023

Møtedato: 06.11.2023	
Deltakarar	
<u>Plankonsulent:</u>	ABO Plan & Arkitektur Stord AS v/ Sarah Fagertun Eggereide
<u>Forslagsstillar:</u>	Bjarne Drivenes (eigar av gbnr. 02/0006) og Øyvind Drivenes
<u>Kommunen:</u>	Stina Norbak, Rådgjevar plan og beredskap Samfunnsutvikling Kristin Isabel Thorbjørnsen, Rådgjevar arealplanlegging
Eigedom (gnr./bnr.): 02/0006	
Saksnummer: 23/2052	
Sakshandsamar: Kristin Isabel Thorbjørnsen	
Dokumentasjon innsendt før møtet:	
<ul style="list-style-type: none">• Søknad om oppstart• Planinitiativ datert 22.09.2023	

- Forslag til plangrense

Arbeidstittel/førebels plannamn:**Plantype:**

- Områderegulering
- Detaljregulering
- Ordinær reguleringsendring
Gjeldande plan:
- Mindre vesentleg
reguleringsendring
Gjeldande plan:

1. Skildring av planforslaget og planområdet

Føremål med planen/ utfylling av planinitiativ:

Planlagde arealføremål: Bustadområde, veg, leikeareal, grøntområde.

Føremålet med planen er å leggja til rette for einebustadar, tilkomstveg, leikeareal og grøntområde.

Tiltak:

- Einebustadar, 8-10 stk. 150m² -180m² grunnflate
- Tilkomstveg frå kommunal veg
- Uteopphaldsareal/leikeareal

Planforslaget er i samsvar med arealføremål bustadområde avsett i kommuneplanen sin arealdel.

Eksisterande arealbruk og situasjon (t.d. bygningar, landbruk, friluftsområde, naturområde):

Planområdet har i dag fire spreidde bueiningar tilknytt garasje og uthus.

Planavgrensing

Størrelse på planområdet, ca. 29 daa:

I møte blei det diskutert at planavgrensinga kan vere større slik at bustadområdet får ein felles heilskap og retningsline. Ein vil også unngå unødvendige dispensasjonar i bustadområdet i nærleiken. Bustadområde vest for planforslaget kan med fordel bli

inkludert i planen med den moglegheita til å få ein framtidig fortetting etter ny kommuneplan, men kommunen set det ikkje som krav.

Forslagsstillar oppmodast om å ta kontakt med naboar vest for planavgrensinga med førespurnad om dei vil inkludrast i planen. Forslagsstillar kan vurdere å endra planavgrensinga til neste handsaming av planen.

Det blei også diskutert at vegtilkomst frå fylkesveg 546 eller Fagerbakke 5138 bør takast med i planen. Sjå under kommentar *Samferdsel og teknisk infrastruktur*.

Bebyggelse og anlegg:

8-10 bueiningar med grunnflate på ca. 150 og 180m². Det skal tilretteleggjast for uteopphaldsareal/leikeareal og tilkomst med tilhøyrande parkeringsplassar/carport.

Administrasjonen har ønskje om å sjå på moglegheita med å auka bueiningar då det er ønska fortetting i planområdet i framtida i forhold til ny kommuneplan. Det blei diskutert at plankonsulent kan både sjå på moglegheita for tomannsbustadar og firemannsbustadar då bustadområde vil vere opent for menneske frå ulike generasjonar og behov.

Samferdsel og teknisk infrastruktur:


Veg

Tilkomst til planområdet er via kommunal veg Nordre Drivenes. Ved at det blir auka einingar i planområdet er det viktig at den kommunale vegen, Nordre Drivenes blir utbetra etter dagens standard. Administrasjonen vurderer at det er naudsynt å etablere fortau eller gang- og sykkelveg for tryggleikstiltak ved at vegen kan bli nytta til skuleveg fram til skulen og fram til busshaldeplass. I møte snakka administrasjonen om at tilkomst bør gå frå fylkesveg 546 eller Fagerbakke 5138. Plankonsulent kan sjå på tre alternative forslag til tilkomst til planområdet:

1. Nordre Drivenes vegen som kryssar mot Skipavika vegen og fylkesveg 546. Då inkludera kryss og innkøyrse til planområdet ved gnr. 2 bnr. 19. Det er krav om fortau/ gang- og sykkelveg. Dette alternativet kan vere meir kostbart då vegen er smal og fjell langs vegen av gnr. 2 bnr. 6 kan gjere utbetring av veg utfordrande.



2. Administrasjonen vil tilrå dette alternativet. Vegstrekket vil knyte seg på den nye detaljreguleringsplanen for gnr. 13 bnr. 0001 Skipavika. Nordre Drivenes vegen kryssar mot Skipavika vegen og fylkesveg 546. Det må utarbeidast kryss og innkøyrse til planområdet på gnr. 2 bnr. 3, bnr. 62. Det er krav om fortau/gang- og sykkelveg.



3. Fagerbakkevegen som kryssar Fagerbakke 5138. Då inkludera kryss og innkøyrsel til planområdet ved gnr. 2 bnr. 19. Det er krav om fortau/ gang- og sykkelveg. Fortau kan strekka seg frå planområdet til eventuell busshaldeplass på Drivenes 5138.



Administrasjonen er i tillegg open for andre forslag til tilkomst. Det er viktig at plankonsulent vurderer dagleg trafikkmengde (ÅDT), type trafikk og liknande i vurderinga.

Kommunen set krav til:

- Lysetting langs ny veg.
- Alle innkøyrslar til private eigedomar må takast med i planen, også eigedomar som enno ikkje er planlagt regulert.

Administrasjonen har ønske om at plankonsulent kan sjå på tilkoplingsmoglegheiter med tilkomstveg frå Fagerbakkevegen innan planområdet. Dette er for å sikra ein meir heilskapleg planlegging då område som kan planleggast for bustadområde er større. Det er òg ønskje om ein løysing der mjuke trafikantar kan spasera langs einingane og vidare til Nordre Drivenes vegen mot aust.

Det bør etablerast snuhammar på enden av tilkomstvegen til einingane mot utsiktspunktet i nord. Det er vurdert at dette området kan vere litt open til allmenta då det er eit fint utsiktspunkt.

Austevoll kommune sin vegnorm vil bli endeleg godkjent i løpet av desember. Føremålet med den kommunale vegnorma er å etablere eit grunnlag for planlegging og bygging av vegar i kommunen. Rådgjever skal senda den over til plankonsulent når den er vedteken.

Vatn, avløp og overvasshandtering

Austevoll vatn og avløp AS har ein etablert vassleidning i området. Det er også mogleg med privat avløpsløsning. Plankonsulent må ta kontakt med Austevoll vatn og avløp for dokumentasjon som sikrar kapasitet for påkopling til vatn og avlaup. Det må lagast ein eigen VA-rammeplan for planområdet. Planen skal syne kor dreneringsrør skal vere plassert.

Straum

Det er straumforsyning i planområdet. Plankonsulent må ta kontakt med Austevoll kraftlag for dokumentasjon som sikrar straum i planområdet.

Plankonsulent kan sjå på alternative energiløysingar som for eksempel solcellepanel og integrera det i planomtalen og føresegna.

Grønstruktur

Det skal setjast av grøntareal langs bueiningane og bevare naturlege stiar i planområdet.

Leikeareal/uteområde

Retningsline for leikeareal/fellesareal er sett i kommuneplanen: *I detaljplanar for bustadføre mål skal det definerast attraktive areal for leikeplassar. Maksimal avstand frå bustad til leikeplass er 200m. det skal setjast av eit minsteareal på 50 m² leikeareal pr eining i område for ein bustad og 25m² pr eining i område for konsentrert busetnad. Plassane bør vere solrike og skjerma for sterk vind.*

Plankonsulent må ta omsyn til retningslinene.

Landbruk-, natur- og friluftsmål

Det skal setjast av naturområde. Administrasjonen nemnte at steinhellene langs planavgrensinga i vest skal bevarast. Det er i tillegg fint at noko av naturområde som er i planområdet blir bevart.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Sjø og vassdrag er meir enn 100 meter frå planområdet.

Hensyns- og/eller faresone

Delar av planområde ligg i areal under marin grense, og det skal vurderast om det er naudsynt å gjennomføre grunnundersøkingar. Vurderinga skal gå fram i ROS-analyse. Estetikk og landskap må bli vurdert i risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).

Det må vurderast om fjellskråninga langs Nordre Drivenes vegen skal sikrast mot fjellskred og steinsprang. Vurderinga må gå fram i planomtalen, føresegn og ROS-analyse. Det må vurderast om området skal vere sett som omsynssone.

Situasjonsplan/utanomhusplan

Administrasjonen ønskjer at planforslaget skal visa ein situasjonsplan over planområdet i 2D og 3D. Situasjonsplanen skal syne korleis bustadeiningane kan sjå ut i forskjellige vinklar.

Samarbeid med kommunen

Med bakgrunn i at auka einingar i planområdet vil setta krav om utbetring av tilkomstveg med fortau/gang- og sykkelveg nemnte rådgjevar at plankonsulent kan ta kontakt med kommunedirektør og kommunalsjef samfunnsutvikling. Utbetring av kommunalveg kan vere kostbart for forslagsstillar som ikkje er utbyggar sjølv. Eit samarbeid med kommunen kan vere ein fordel, noko som er tidlegare er blitt gjort med detaljreguleringsplan for gnr. 01 bnr. 0013 mfl. Skipavika i Nordre Drivenes.

Forslagsstillar og plankonsulent kan presentera planforslaget og sjå om ein kan få til eit økonomisk samarbeid med kommunen før ein går vidare i planprosessen. Dette er ei førebels vurdering av rådgjevar som var til stades i møtet.

Kontaktinformasjon på e-post:

Konstituert kommunedirektør: Thomas Martin Larsen, tml@austevoll.kommune.no

Kommunalsjef samfunnsutvikling: Ingrid Danielsen Henriques, ingrid.henriques@austevoll.kommune.no


Forslagsstillar krev at usemje blir lagt fram for politisk utval for avgjerse, jf. pbl. §12-8 andre avsnitt.

2. Planstatus

Plan

Føremål

Vedtaksdato



Figur 1: Utklipp frå gjeldande arealplankart, Kommuneplanen sin arealdel 2012-2023

- Kommunedelplan
- [Kommunedelplan for kulturminne](#)
- Reguleringsplan

Relevante regionale planar:

- [Klimaplan for Hordaland \(2014-2030\)](#)
- [Regional plan for klima 2022-2035](#)
- [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#)
- [Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2023](#)
- [Regional transportplan 2022-2033 for Vestland \(RTP\)](#)
- [Regional plan for attraktive senter i Hordaland \(2015-2026\)](#)
- [Regional plan for kultur 2023-2035](#)
- [Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger \(2015-2025\)](#)
- [Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle – 2014-2025](#)
- [Temaplan for landbruk – Vestland fylke 2023-2027](#)
- [Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027](#)

Relevante statlege planretningslinjer:

- [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#)
- Andre:

- Planforslag vil samsvare med overordna plan
- Planforslag vil **ikkje** samsvara med overordna plan

Merknadar:

Konsekvensutgreiing:

Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskrifta) §6 og vedlegg I. Forslag til planprogram blir sendt på høyring samtidig med varsel om oppstart, jf. pbl. § 15. Planprogram skal bli fastsett i eget vedtak før 1. gongs behandling, jf. pbl. 12-9.

Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta §8 og vedlegg II.

Merknadar:

Sjølv om planforslaget ikkje utløyer krav om KU skal planskildringa innehalde ei skildring av konsekvensane av planforslaget.

3. Forskrift, kommunale vedtekter og retningslinjer som gjeld for planområde:	
<input type="checkbox"/> Kommunale vedtak <input checked="" type="checkbox"/> Samfunnsdelen til kommuneplanen <input checked="" type="checkbox"/> Føresegn og retningslinjer i kommuneplanens arealdel	<p>§ 2 Rekkefølge (jfr. plan- og bygningslova § 12-7. 2, 10,)</p> <p>Fellesområder, leike- og uteopphaldsareal for barn skal vere lagt til rette og ferdigstilt samstundes med bustadane, jf. plan- og bygningslova § 12-7.</p> <p><u>2.1 Forbetringstiltak på tilkomstvegar</u></p> <p>Tiltak som nemnd i pbl. kapittel 28 krav til byggetomta og ubygd areal og kapittel 29 krav til tiltaket, kan ikkje finne stad før nødvendige</p>

<p><input checked="" type="checkbox"/> Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Austevoll kommune, med <u>kart</u></p> <p><input checked="" type="checkbox"/> VA-norm</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tømning av slamavskiljarar og tette tankar</p>	<p>forbetringstiltak på tilkomstveggar til næringsbygg eller bustader er gjennomført, slik at tilkomsten er trafikktrygg og i teknisk god nok stand.</p> <p><u>2.2 Avkøyrslar/kryss</u></p> <p>Det er krav til utbyggingsrekkefølge om at avkøyrslar/kryss med busslommer og fortau/gang- og sykkelveggar skal vere opparbeidd før nye bustadfelt blir tatt i bruk. Jf. plan- og bygningslova § 12-7.10.</p> <p><u>2.3 Støysoner</u></p> <p>Støysonekart er lagt inn langs med hovudvegane. Det er markert gule og raude soner basert på data frå Statens vegvesen.</p> <p>Gul sone: Gul sone kan ha mogleg fare for framtidig støy over grenseverdiar og det skal ved område- og/eller detaljregulering gjennomførast støykartlegging.</p> <p>Raud sone: Raud sone har påvist eksisterande støy over grenseverdi. Det er i slike soner ikkje tillate med støyfølsom busetnad. Utbygging i slik sone må berre skje på vilkår av støyskjerming.</p> <p><u>Klima og energi</u></p> <p>Jf. pbl § 3-1 bokstav g) skal planar etter pbl ta klimaomsyn, gjennom reduksjon av</p>
--	---

klimagassutslepp og tilpassing til forventa klimaendringar, gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.

Utviklingsplan for Vestland 2020- 2024 (regional planstrategi) sitt mål 2 er: klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Vi oppmodar om at ein i planarbeidet finn løysingar som støttar opp under denne målsetninga, slik at det byggas på ein måte som toler framtidens klima. Dette kan til dømes vere definerte føresegner knytt til materialbruk og energiløysingar som har låge utslepp i eit livsløpsperspektiv. Vi rår vidare til at føresegnene, med ev. retningslinjer, stimulerer til alternative løysningar basert på fornybare energikjelder.

I planmateriale er det ønskje om å :

- Vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase, og vurdere dette i eit livsløpsperspektiv
- Vurdere løysingar for fornybar energi som minimaliserer tiltakets påverknad på det ytre miljø, og samstundes opplevast som skånsamt i naturen og for miljøet. Bruk av lokal kraftproduksjon kan bidra til å jamne ut negativ kraftbalanse, for eksempel solcellepanel.
- Vurdere krav om klimagassregnskap/klimaregnskap. Dette kan t.d. innarbeidast i føresegnene, og vil vere eit positivt tiltak som stettar opp om kommunens mål om å bidra til at næringsliv og innbyggjarar reduserer utslepp av klimagassar og tilpassar seg eit endra klima
- Vurdere tilrettelegging av ladeinfrastruktur for nullutsleppskøyretøy. Dette kan t.d.

	innarbeidast i føresegnene til detaljreguleringsplanen <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere tiltak for lokal handtering av overvatn gjennom blå-grøne strukturar
--	---

4. Krav til behandling av oppstart	
Ved søknad om oppstart skal følgande ligge vedlagt: <ol style="list-style-type: none"> 1. Revidert planinitiativ med eventuelle endringar etter oppstartsmøte. 2. Kartutsnitt med planavgrensing i pdf-format. 3. Planavgrensing i gjeldande SOSI-format. 	<u>Merknadar:</u> Plankonsulent er kjend med krav til søknad om oppstart. Kommunen ber om stadfesting i etterkant av møtet på om ein ønsker at kommunen skal behandle oppstart av planarbeidet.

4. Krav til varsel om oppstart av planarbeid	
Plankonsulenten skal varsle oppstart av planarbeidet. Varsel i avisa skal innehalde: <ol style="list-style-type: none"> 1. Kartutsnitt med planavgrensing i pdf-format. 2. Aktuelle gards- og bruksnummer 3. Merknadsfrist 4. Intensjon for reguleringa 5. Informasjon om kor planinitiativ, referat frå oppstartsmøte og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg. 	<u>Merknadar:</u> Plankonsulenten er kjend med malar for kunngjering og varslingsbrev samt varslingsliste/adresseliste. Kommunen vil oversende naboliste for kva naboar som må bli varsla samstundes som vedtak om oppstart. Kommunen ber om oversending av varsel til gjennomsyn før utsending. Planinitiativ, plangrense og situasjonskart må bli oppdatert til vedtak om oppstart.

6. Kontaktinformasjon

Brev til grunneigarar, offentlege etatar og andre råka partar skal innehalde orientering om planforslaget, dagens og framtidig planstatus og føremål:

7. Oversiktskart som syner planområdets plassering
8. Kartutsnitt med planavgrensing i pdf-format.
9. Merknadsfrist
10. Intensjon for reguleringa (eit omtrentleg overslag over omfanget til plan – kor mange bustadar, kaiar osv.)
11. Forventa problemstillingar i planen (t.d. vatn og avløp, straumtilknytning, renovasjon, branntilløp eller omsyn til kulturminne, trua artar, raudlista artar osv.)
12. Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12
13. Behov for utgreiingar/undersøkingar (konsekvensutgreiing)
14. Tiltent vegtilkomst til planområde
15. Varsel skal opplyse om kor planinitiativ, referat frå oppstartsmøte og oppstartsvedtak med saksframlegg er tilgjengeleg, dersom desse ikkje er vedlagt.

<input type="checkbox"/> Informasjonsmøte <input checked="" type="checkbox"/> Undervegs møte <input type="checkbox"/> Regionalt planforum er aktuelt <input type="checkbox"/> Andre tiltak	<u>Merknadar:</u> Ved behov
---	------------------------------------

19. Antatt viktige planfaglege tema for planarbeidet – førebels vurdering	
<input type="checkbox"/> Lokaliseringsfaktorar <input type="checkbox"/> Fortetting <input checked="" type="checkbox"/> Grønstruktur <input checked="" type="checkbox"/> Landskap <input type="checkbox"/> Uklare grenser <input type="checkbox"/> Strandsone <input type="checkbox"/> Tiltak i sjø <input checked="" type="checkbox"/> Estetikk og byggeskikk (fjernverknad, fortettingspotensial, utbyggingsmønster, formspråk, sol/skuggeforhold) <input type="checkbox"/> Senterstruktur <input checked="" type="checkbox"/> Utbyggingsrekkefølge <input type="checkbox"/> Økonomi	<u>Merknadar:</u> <u>Landskap:</u> - Bueiningane må ha krav til terrengtilpassing, kotehøgde og møne/gesimshøgde i føresegnene og/eller plankart. BYA, BRA og utnyttingsgrad må gå fram av føresegnene og BYA og utnyttingsgrad på plankart. Utbyggingsvolum skal bli revurdert og einingane si grunnflate kan justerast. <u>Estetikk og byggeskikk:</u> - Byggegrense bør gjerast klart på plankart og/eller etter pbl. § 29-4 som føresegn. - Tiltak som tillatast må tilpasse omgjevnadane best mogleg. <u>Utbyggingsrekkefølge:</u> - Tilkomstveg og uteopphaldsareal/leikeareal skal vere ferdigstilt før igangsettingsløyve for bygning blir gitt. <u>Landbruk:</u>

<input checked="" type="checkbox"/> Landbruk <input type="checkbox"/> Verkeområde jord- og skogbruksloven <input checked="" type="checkbox"/> Biologisk mangfold <input checked="" type="checkbox"/> Klima og energi <input checked="" type="checkbox"/> Naturområde <input checked="" type="checkbox"/> Friluftstinteresser <input type="checkbox"/> Fiskeinteresser <input type="checkbox"/> Viltinteresser <input type="checkbox"/> Vassdragsforvaltning <input checked="" type="checkbox"/> Vassforsyning, avløpsforhold <input checked="" type="checkbox"/> Strøm <input checked="" type="checkbox"/> Renovasjon <input checked="" type="checkbox"/> Omsynssone	<ul style="list-style-type: none"> - Det må takast omsyn til innmarksbeite på gnr. 03 bnr. 103. <p><u>Biologisk mangfold:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er ikkje registrert raudlista artar eller naturtypar i planområdet. <p><u>Friluftstinteresser:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må takast vare på stiar og snarveggar. <p><u>Vassforsyning, avløpsforhold:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Dreneringsrør skal inn i ny privat- eller kommunal veg <p><u>Renovasjon:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tvungen renovasjonsordning. Utleige same renovasjonsordning som fastbuande, jf. Forskrift for innsamling av hushaldningsavfall. Renovasjonsløyising med oppstillingsareal må gå fram av planmateriale og veg må vere dimensjonert i tråd med SIM si forskrift. <p><u>Omsynssone:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Omsynssone må takast med i vurderinga blant anna: - Fjellskråning. - Kulturminne
--	---

<input checked="" type="checkbox"/> Forureining (vatn, grunn, støy, støv, lukt) <input checked="" type="checkbox"/> Massehandtering <input type="checkbox"/> Kulturlandskap <input checked="" type="checkbox"/> Kulturminne <input checked="" type="checkbox"/> Risiko og sårbarheit (ROS-analyse) <input type="checkbox"/> Verksemdbasert sårbarheit <input checked="" type="checkbox"/> Leike- og opphaldsareal <input checked="" type="checkbox"/> Område for allmenta <input checked="" type="checkbox"/> Trafikkforhold og trafikktryggleik	<p><u>Forureining:</u></p> <p>Planomtalen skal vurdere både under anleggsfasen og etter anleggsfasen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Støy og forureining i luft, vatn og grunn - Handtering av overvatn <p><u>Massehandtering:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Massehandtering og masserekneskap (flytting av massar under anleggsfasen) må bli skildra i planomtalen og eventuelt sikrast i føresegner. <p><u>Kulturminne:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er registrert SEFRAK – kulturminne før 1900: Ruin etter utedo og våningshus på eigedom 2/27. I tillegg til våningshus og eldhus utanfor plangrensa på eigedom 2/50 og 2/33. Det må takast omsyn til område rundt kulturminne. <p><u>Risiko og sårbarheit:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Risiko og sårbarheit må vurderast i anleggsprosessen. <p><u>Trafikkforhold og trafikktryggleik:</u></p> <p>Planmateriale skal skildra veg og infrastruktur slik det er i dag. Det må takast omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trafikkmengde (ÅDT), type trafikk - Vegstandard, vegbredde, kurvatur, stigningsgrad, dekke - Kryss og avkjørsel, dimensjonering og friskt - Byggegrense til veg - Tilkomst veg skal vere dimensjonert for utrykkingskøyretøy. - Anna veggrunn skal innehalde teknisk infrastruktur og vere regulert større
--	--

<input checked="" type="checkbox"/> Avkjørslar og kryss <input type="checkbox"/> Trafikkplan/ vegutforming <input checked="" type="checkbox"/> Folkehelse <input checked="" type="checkbox"/> Universell utforming <input type="checkbox"/> Privatrettslege forhold	<p>for å ta høgde for mindre endring av traséen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trafikksikkerheita for mjuke trafikantar må vurderast både under og etter anleggsfasen. <p><u>Avkjørslar og kryss:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Avkjørsel til planområdet er ein del av kommunal veg, Nordre Drivenes. Siktlinjer må vere ein del av planavgrensinga. <p><u>Folkehelse:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Planforslaget må legge til rette for at område og tiltaka skapar trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold. <p><u>Universell utforming:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Utforming av tiltak må vere i tråd med teknisk forskrift. Planskildringa må omfatte ei skildring av universell utforming av bygg og utomhusareal sett opp i mot TEK. - Byggteknisk forskrift TEK 17 §§ 8 og 12 er høgst aktuell. Planforslaget bør sikre at utforminga er tilrettelagd for alle typar menneske, då utleige omfamnar ein variasjon av menneske.

20. Krav til planforslag til 1. gongs handsaming – innhald og materiale	
<ol style="list-style-type: none"> 1. Plankart (pdf-fil i riktig målestokk, og siste SOSI-versjon) 2. Vegskjeringar/fyllingar skal vere synt i plankartet. 	<p><u>Merknadar:</u></p> <p>Plankartet skal syne sideareal til veg, samt skjeringar og fyllingar som anna veggrunn.</p> <p>Tekniske teikningar av veg skal bli sendt inn til kommunen.</p>

<p>3. Reguleringsføresegn (pdf- og Word-filer)</p>	<p>Utfylt sjekklister skal ligge ved innsendinga.</p>
<p>4. Planskildring (skal innehalde vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12 og vurdering av statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona dersom planforslaget er innanfor 100-metersbeltet)</p>	<p>Sideareal for veg skal vere inkludert i plankartet (minimum 2 meter frå vegkant).</p> <p>Rettleiar til utarbeiding av VA-rammeplan er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider: https://www.austevoll.kommune.no/tenester/planar-reglement-og-forskrifter/reguleringsplanar/retteleiar-til-utarbeiding-av-reguleringsplan/retteleiar-til-utarbeiding-av-va-rammeplan.8684.aspx</p>
<p>5. ROS-analyse (ein skal nytte eigen mal som er utarbeida av kommunen)</p>	<p>VA-rammeplanen skal i tillegg til løysing for vatn og avlaup syne vurdering av forureining i vatn og grunn og handtering av overvatn.</p>
<p>6. VA-rammeplan</p>	<p>VA-rammeplan må leggjast ved som eit dokument utanom planomtalen.</p>
<p>7. Dokumentasjon på at vatn, avløp, straum, breiband og veg er sikra for planomfanget.</p>	<p>Kontakt Austevoll Kraftlag om avlaupsanlegg og vasstilførsel og straum kapasitet.</p>
<p>8. Kopi av kunngjeringsannonse og dato i avisa</p>	<p>Kontakt Austevoll Kraftlag om avlaupsanlegg og vasstilførsel og straum kapasitet.</p>
<p>9. Kopi av varslingsbrev</p>	<p></p>
<p>10. Kopi av varslingslista</p>	<p></p>
<p>11. Kopi av innkomne merknader ved oppstart</p>	<p></p>
<p>12. Utfylt sjekklister for innsending av komplett planforslag til 1. gongs behandling</p>	<p></p>
<p>13. Eventuelle dispensasjonar skal vere innarbeida i planforslaget</p>	<p></p>

<p>14. Privatrettslege forhold skal vere avklart for planlagde tiltak.</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Illustrasjonsmateriale</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Lengde- og tverrprofil for vegane</p> <p><input type="checkbox"/> Spesielle utgreiingsbehov/ tillegg rapport</p> <p><input type="checkbox"/> Ved uklåre grenser krev kommunen at ein til 1. gongs handsaming gjennomfører ei grenseklarlegging</p>	<p><u>Illustrasjonsmateriale:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - 2D og 3D illustrasjon av korleis bueiningane kan sjå ut i forskjellige vinklar.
--	---

18. Kart	
<p><input type="checkbox"/> AUKAS kan levere digitalt grunnkart (Euref 89).</p> <p><input type="checkbox"/> Det er behov for oppmåling</p> <p><input type="checkbox"/> Det vert tilrådd oppmåling av planområdets yttergrense.</p> <p>Plankart</p> <p>Digital framstilling i siste SOSI-standard skal bli godkjent av kommunen før planforslaget kan bli rekna som komplett</p>	<p><u>Merknadar:</u></p> <p>Dersom det er uklare grenser og/eller sirkeleigedomar krev kommunen at det til 1. gongs handsaming blir gjort ei grenseklarlegging for å unngå konflikt og framtidige dispensasjonar for frådeling</p>

19. Gjennomføring	
Kommunaltekniske anlegg	<u>Merknadar:</u>
<input checked="" type="checkbox"/> Krav om godkjende tekniske planar (veg, vann og avløp)	Veg skal ha tekniske teikningar. Vegteikning må vere i tråd med Austevoll kommune si vegnorm og handbok N100 frå Statens Vegvesen.
<input checked="" type="checkbox"/> Krav om godkjent utomhusplan	
<input type="checkbox"/> Tiltaket føreset utbygging/ utbetring av kommunaltekniske anlegg	
	3D illustrasjon/utomhusplan og situasjonsplan av korleis plassering av bygg, uteopphaldsareal/leikeareal og eventuelt parkering. Utomhusplanen skal vere rettleiande.

20. Kommunens førebelse vurderingar og føringar
<input type="checkbox"/> Tiltrår ikkje oppstart av planarbeidet.
<input checked="" type="checkbox"/> Tiltrår oppstart av planarbeidet, jf. pbl. §12-11.
<input type="checkbox"/> Tiltrår at reguleringsendringa bli behandla som ei forenkla prosess, jf. pbl. §12-14 andre avsnitt.
<input checked="" type="checkbox"/> Plankonsulent er vurdert som fagkyndig, jf. pbl. §12-3.
Merknadar:

21. Overordna framdriftsplan
<input checked="" type="checkbox"/> Det er informert om saksgangen etter plan- og bygningslova § 12-11.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til politisk vedtak i

saka:

1. Søknad om oppstart: 12 veker
2. Komplett planforslag til 1. gongs handsaming: 12 veker
3. Komplett planforslag til 2. gongs handsaming: 12 veker

4. Komplett planforslag til endeleg godkjenning: Etter pbl. § 12-12 (1) har kommunestyret frist for å treffe vedtak 12 veker etter at saka er ferdigbehandla av administrasjonen.

- Det er informert om saksgong for forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14.

Sakshandsamingstid er 12 veker frå komplett planforslag er motteke til vedtak:

5. Komplett planforslag til kombinert oppstart og 1. gongs handsaming: 12 veker
6. Komplett planforslag til endeleg godkjenning: 12 veker til politisk vedtak i Plan- og byggesaksutvalet. Deretter 12 veker til vedtak i kommunestyret, jf. pbl. § 12-12 (1).

- Fordi planen er særskilt komplisert og/eller i strid med overordna planar og/eller begge parter er samde om det, skal det avtalast eigen frist for handsaming når fullstendig planforslag blir sendt inn.

- Det skal utarbeidast ein eigen avtale for samarbeidet om planen mellom plankonsulent og kommunen.

Merknadar:

Handsaming av planforslaget vil bli ilagt gebyr etter kommunens betalingsregulativ for sakshandsaming etter plan- og bygningsloven.

Gjennom søknad om oppstart aksepterer forslagsstillar at planforslaget vil bli ilagt gebyr etter gjeldande betalingsregulativ på det tidspunkt kommunen godkjenner oppstart i medhald av plan- og bygningsloven §12-8.

Fakturaadresse:

Bjarne Drivenes

Nordre Drivenes 45, 5397 Bekkjårvik

8. Stadfestingar

Referat frå oppstartsmøte byggar på opplysningane og dei planfaglege forhold som låg føre på det tidspunktet møtet blei halde. Planfaglege tema og prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er venta så langt dette har vore mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar gitt i planinitiativet og etter interne kommunale avklaringar.

Konklusjonane er derfor førebelse og verken møtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Det blir tatt atterhald om endringar i rammevilkår, i kommunens rutinar og politikk og at nye opplysningar kan føre til endra faglege vurderingar. Naboprotestar, protestar frå bebuarorganisasjonar, krav frå offentlege styresmakter m.m. vil kunne medføre krav om endring av prosjektet og endring av framdrifta for prosjektet.

Dersom avtalte innsendingar ikkje er mottatt i samsvar med avtalt framdrift, utan at det er avtalt nytt tidspunkt for innsending, kan kommunen vurdere saka som uaktuell og etter ein periode, avslutte saka.

Stad, dato:

Birkelandsvegen 2, Storebø, 08.12.2023.

Plan- og byggesaksavdeling

Kristin Isabel Thorbjørnsen

Rådgjevar arealplanlegging

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur.

Likelydande brev sendt til:

ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Bjarne Drivenes